

Til medlemene i Osterøy Lammering.

HAUSTSESONGEN 2020

Medlemene i Osterøy Lammering får i haust ikkje tilsendt heftet « **Lammesesongen 2020** » frå Nortura, men heftet finn du på «Nortura Medlem /Småfe /Siste nytt». Heftet gjev ei grundig orientering om tiltak for å få best mogeleg utbytte av slaktedyra du har tenkt å levera i haust. Bruk informasjonen i heftet når du skal planlegga innmelding av slakt.

Endring av leveringsvilkår

Lammeringstillegget er i haust auka frå kr.10 til kr. 15 pr levert dyr. Det er også kome eit nytt puljetillegg på kr. 60 pr. dyr ved levering over 210 dyr i pulja.

Prisløypa for lam og effektivitetstillegg for vaksen sau.

Prisløypa for lam er nokså lik prisløypa for 2019. Det same gjeld også «effektivitetstillegget» for vaksen sau.

I haust er det sesongtillegg på vaksen sau frå veke **32** (frå 3. aug.) til og med veke **35** (frå 24. aug.), og frå veke **43** (frå 19. okt.) til og med veke **48** (frå 23. november). I desse periodane er det kr 4,00 pr.kg i overpris på vaksen sau. Pass på å levera dei vaksne sauene i desse periodane, slik at Nortura unngår slakting av vaksen sau i ein travel lammesesong.

For lam er det topp-pris frå veke 32 (frå 3. aug.) fram til og med veke 34 (17. aug)

Lammeringen har sett opp levering **veke 34** (frå 17.aug.), **veke 36** (frå 31. aug.), **veke 37** (frå 7. sept.), **veke 38** (frå 14. sept), **veke 39** (frå 21.sept.), **veke 40** (frå 28. sept.), **veke 41** (frå 5. okt.), **veke 42** (frå 12. okt.), **veke 44** (frå 26. okt.) og **veke 46** (frå 9. nov.). Dette er dei same slaktevekene som hausten 2019 som medlemene var fornøygde med.

Dersom det er slaktedyra att etter veke 46 som de ynskjer å levera før nyttår, kan me samla opp til ei levering heilt på slutten av året.

Innmelding av slakt

Osterøy Lammering har avtale med medlemssenteret om at medlemene skal melda inn slakt enten på «Nortura Mi side» eller på telefon til Medlemssenteret i Førde. Nortura ønskjer at flest mogeleg melder inn på «Nortura Mi side» for å redusera telefonar til Førde.

På Grønskaret er det øyremeke for returslakt, retuskinn og villsau som me kan setja i når dyra kjem på Grønskaret. Det skal også vera skjema til å fylla ut på returslakt. Lukke til med sauesankinga og haustsesongen.

Helsing

Osterøy Lammering

Eiliv Veseth

Veseth 3. august 2020.